

Oversikt over innspel til kommuneplan etter 2.gongs offentleg ettersyn

Nr.	Frå	Kategori	Oppsummert	Område	Tema	Kommentar
1	Hanne Lillebø Walsh/Vidar Wåge Hansen/Kim Andre Garshol/Mats Bigset/Elisabeth Muren/Trude Ørstavik/Lars Henrik Hasund/Solveig Johnsen Dahl/Beate Ulstein og Tor Erik Aase	Merknad	Vil fjerne regulering til ny barnehage ved Hasund skule, og heller legge inn areal vest for Hasundgot stadion, som dei meiner er det klart beste alternativet. Meir trafikkvennleg, nærlik til natur/turområder, samle barnehagen under eitt.	Hasund	Barnehage	Det er lagt inn område for offentleg formål vest for Hasundgot stadion. Offentleg formål ved Hasund skule vert også liggande i planen.
2	Hanne Lillebø Walsh/Vidar Wåge Hansen/Kim Andre Garshol	Merknad	Vil ha gangfelt rundt heile Dimnøya, minimum til Storehaugen.	Dimnøya	Gangveg	Det er lagt inn gang- og sykkelveg fram til Notanesvegen. Det er ikkje teneleg å legge gang- og sykkelveg rundt heile øya pr. i dag grunna trafikkbiletet.
3	Bjørn Gunnar Garnes m/fl.	Merknad	Endring av tekst i §7.1.4 Rorbuer (PBL § 11-9 nr. 5) I første avsnitt "2.etasje innreidd for overnatting" blir omskrive til "over 1.etasje inreidd for overnatting", og i andre avsnitt at "mønehøgde inntil 7.0 m" blir omskrive til "mønehøgde inntil 7.5 m". Grunngjevinga er bratt terreng i Hamnevikura og at dei har planlagt hems og høg naustdel. Ynskjer i tillegg følgjande tekst tilføya: "Det stillast krav om parkeringsdekning på 1 parkeringsplass pr. rorbu. På Fr101 Garnes kan det etablerast inntil 4 bueiningar med kai/ bryggjeplassar mot sjøen. Påbegynt tilkomstveg frå Garnesvegen skal vidareførast inn på baksida av rorbuen. Området skal opparbeidast med høg kvalitet."	(Garnes)	Føresegner, rorbu	Det vil ikkje vere til hinder for hems om det i føresegogene står 2. etasje innreidd for overnatting. Vi ønskjer å halde på 7 m i dei generelle føresegogene, men for kvart enkelt prosjekt må ein avklare på detaljplannivå. Dette gjeld også for kai/bryggjeplassar mot sjøen, veltikomst og kvalitet. Vi vil ta inn i føresegene krav om 1 parkeringsplass pr. rorbu.
4	Berit Roppen	Merknad	Ber om at kommunen ikkje tillet bygging av rorbuer, argumenterer med fri ferdsel i strandsona, og at bygginga av det planlagte antalet rorbuer ikkje vil gi fleire arbeidsplassar.		Rorbuer	Bygging av rorbuer skal ikkje hindre ferdselen i strandsona. Dette er sikra i § 7.1.4 i føresegene. Det har vore eit politisk ønske å anlegge arealet for turistme og rorbuer og utnytte meir sjønære areal.
5	Bodil Saunes	Merknad	Strandvegen: fartsgrensa bør setjast ned til 50, og det bør leggast inn samanhengande gangveg på sørvestsida av Strandvegen, frå Sauneselva og til Strandkrysset.	Øvre Saunes	Fartsgrense/gangveg	Kommuneplanen bestemmer ikkje fartsgrensa på vegar. Og for Strandvegen er det Statens vegvesen som er vegeigar. Det er regulert inn gangveg på sørvest-sida av Strandvegen frå Glopentrasket og ca. 440 m mot Strandkrysset. Då gjenstår ca 300 m og på denne strekninga er det lite tenleg med gang- og sykkelveg ettersom det berre er eitt fritidshus her.
6	Bodil Saunes	Merknad	Samanhengande gangveg frå Sjukeheimskrysset til Alvehaugen.	Alvehaugen	Gangveg	Det er regulert inn gang og sykkelveg frå Sjukeheimskrysset til Alvehaugen. Den er ikkje bygd.
7	NVE	Merknad	NVE gjentek sitt sterke råd om at det vert teke inn i føresegene at det skal gjera grunnundersøkingar eller konkrete vurderingar før tiltak under marin grense kan gjennomførast, jf. vår fråsegn datert 19.09.2017		Føresegner	Vi innarbeider i føresegene: For areal under maringrense, som er avsett til byggeområde i kommuneplanen, må det i forbindelse med detaljregulering utarbeidast ROS analyse der grunnundersøkingane er tilstrekkelig vurderte til å konkluderer med at området er egna til bebyggelse.
8	Samarbeidsutvalet ved Sundgotmarka barnehage v/ André Rossi Kaldhol	Merknad	Ynskjer ny barnehage i Hasund krins plassert i Gjerdssakkane. Viser til mulighetene for aktivitet og friluftsliv, trafiksikkerhet, variasjon for borna (slepp 12 år på same stad) og at skulen sjølv nyttar området ved Hasund skule, som er betre eigna for skuleborn.	Hasund	Barnehage	Det er lagt inn område for offentleg formål vest for Hasundgot stadion.
9	Vidar Ørelid og Hege Løseth	Merknad	Ber om nærmare konsekvensutgreiing for nytt bustadområde B107 og turist- og fritidføremål T103. Meiner det ikkje kjem tydeleg nok fram kva konsekvensar t.d. ein eventuell tilkomstveg gjennom eksisterande bustadfelt vil ha. Støy og trafikkutfordringar kan forekomme. Ikkje godt nok å utsetje til ei eventuell detaljregulering. Viser også til at noverande detaljregulering som er tenkt tilkomst i planforslaget, ikkje har gang- og sykkelveg.	Lyngneset, Dimnøya	I gjeldande reguleringsplan for Tueneset er det sett av areal for videreføring av veg nord og øst om planområdet. Samleveg o_V2 nordover kan utvidast/flyttast mot vest slik at denne kan oppgraderast med breiare vegbane (5 meter) og fortau på 2,5 meter. Det er regulert med formål annen vegrunn og i føresegner. Vi legg inn i føresegene: Det kan leggjast inn maks 5 nye tomter for frittliggende småhusbebyggelse innanfor området.	

10	Nedre Saunes Grendalag v/Tommy Sylte	Merknad	Ynskjer ikkje utfylling T105 på Nedre Saunes. Argumenterer med at Saunes er eit roleg nabolag og ei naturperle i sentrum, og at det ikkje er teke omsyn til eksisterande bebyggelse i konsekvensutgreiinga. Bebuarane ynskjer ikkje auka trafikk av folk og kjøretøy i nabolaget. Dei viser også til ulemper ved å fylle ut den uberozte fjøra, og forringing av verdi for tomter og bustadar med naturleg tilgang til sjøen i dag. Til slutt viser dei til ein bestand av sjøørret som beitar i områda langs stranda. Dei ber om ei kartlegging av heile strandsona rundt Saunes, med ei konsekvensutgreiing på påverknaden for fisk og fauna. Ber om at ein ser på eksisterande område som allereie er utfyldt, og bruken av desse, før ein tillet nye utfyllinger og skjending av naturen. Har samla inn underskrifter.	Nedre Saunes		Formålet vert liggande i planen. Bruken av området og omfanget av arealbruken vil bli avklara ved seinare høve. Det er registrert ålegras utanfor formålsgrensa.
11	Ulstein Betong Utbygging AS	Merknad	Viser til planinitiativ av 02.12.2014 der grunneigar av G.nr.20 Br.nr.5 ynskjer planendring frå LNF-område til bustad-, naust- og fritidsbyggføremål, samt framlegg frå Ulstein kommune om endring av status for aktuelt område til fritids- og turistføremål (T104) etter 1.gongs høyring. Ynskjer at deira planinitiativ vert teke til fylgle, og viser til argumentasjon jfr. brev av 07.09.17. Meiner det ikkje kan konkluderast med at motsegn frå Statens vegvesen vil kome, og at nokre av deira ynskte tiltak kan vere positive for trafikksituasjonen på Garnes.	Garnes		Ikkje ønskjeleg med bustadar på sørsida av fylkesvegen på Garnes grunna tilkomst frå fylkesveg, støy og skuleveg.
12	Speidarleiarar i Ulstein KFUK/KFUM	Merknad	Ber Ulstein kommune ta omsyn til naturen og det naturnære friluftslivet, og tenke tilrettelagte turstiar framfor turvegar kategori A (grusa turvegar). Ynskjer å la Osberget og Hasundhornet vere som dei er. Meiner turvegane vil forringe naturopplevinga, og dei motoriske utfordringane for born. Viser til døme frå Runde om tilrettelegging for å unngå slitasje, utan å gruse.		Friluftsområde/turvegar	Går inn for tursti kategori B til Hasundhornet. Til Osberget går ein inn for kategori A og universelt utforma tursti.
13	Flø Grendalag v/Tor Kalland	Merknad	Må avklarast om Tussa realiserer planar om fiberutbygging på Flø, eller fjernar seg som aktør og brems slik at ein kan søke støtte frå fylkeskommunen. Kan det opparbeidast sti ala larsvegen på vegskuldra lang Fløvegen? Vil seinke fartsgrensa til 50 lm/t på heile Flø, og helst frå utmarksgrensa før Roppesanden. Vil ha auke parkeringskapasiteten ved å opparbeide ei gammal fylliing på nedsida av vegen midt i Fløstranda. Vil stenge tilkomsten til gamle bosplassen for motorisert ferdsel grunna trafikkfare. Vil skilte møteplassar, og unngå at desse blir brukt som parkering. Parkeringsbehov også nært Roppesanden og på Ytre Flø mot Gotane. Ynskjer bos-stativ på Roppesanden, og offentleg toalett. Ber kommunen legge til rette for vidare bustadbygging på Flø.	Flø		Fiber, fartsgrense, skilt og bospøtter er ikkje saker som skal avgjera på kommuneplannivå. Kommunen vil ta opp sti langs Fløvegen med vegvesenet. Parkering i Fløstranda er sak for Statens vegvesen. Vert ikkje lagt opp til vidare bustadbygging på Flø i denne perioden.
14	Fredrik Brekke	Merknad	Meiner barnehagen i Hasund krins bør leggjast til området ved Hasundgot stadion i Gjerdsbakkane, og ikkje ved Hasund skule. Viser til tur og aktivitetsareal, og allereie sprengt kapasitet ved uteområda ved skulen. Trafikksituasjonen ved skulen er allereie ei utfordring.	Skeide/Bugarden	Friluftsområde	Det er lagt inn område for offentleg formål vest for Hasundgot stadion.
15	Folkehelsekoordinator	Merknad	Meiner den planlagte utbygginga av Skeide utmark er uheldig for fleire viktige friluftsområder: turvegen til Nibben, naturleikeplassen i Skeidsskogen og turstiar/tilkomststiar i skogen vil bli direkte berørt og øydelagt, noko som er svært uheldig då dette er kjelde til nærfriluftsliv og lågterskelaktivitet for mange, særlig barn, eldre og folk som er dårleg til beins. Ved å legge om turvegen til Nibben vil ein uansett tape viktige kvalitetar som gjer turen til den mest brukte i kommunen i dag. Indirekte vil også utbygginga påverke Bugardsmyrane, som vil endre karakter ved å få eit så omfangsrikt nabolag så tett på. Meiner det vil forringe viktige friluftskvalitetar og funksjonar som området har idag.	Skeide Utmark		Saka har vore vurdert og diskutert tidlegare. Det er eit ønske frå grunneigarane å utvikle området til bustadfelt.
16	Kersti Elly Lovise Hasund	Merknad	Ynskjer område B16 omregulert til bustadføremål.	Strandabøen	Bustadområde	Eigedomen ligg allereie som bustadformål i kommuneplanen, men den manglar detaljregulering.
17	IL Hødd Trimgruppa v/Lindor Skeide	Merknad	Må opparbeidast 10-12 ekstra parkeringplassar, samt bosdunk ved vasshuset.	Ytre Flø	Parkerings, renovasjon	Er lagt til rette for ca. 15 plassar slik det er i dag. Til kvardags er det god plass, medan når det er fint ver og søndag er det gjerne fullt. Det er ikkje ønskjeleg å tilrettelegge for store parkeringsplassar som mesteparten av tida står tome. Bosdunk er ikkje relevant på kommuneplannivå.
18	IL Hødd Trimgruppa v/Lindor Skeide	Merknad	Bør opparbeidast parkeringsplassar ved bommen.	Låbakk	Parkerings	Dette er tatt til følgje tidlegare.
19	IL Hødd Trimgruppa v/Lindor Skeide	Merknad	Ved den gamle kufella, i enden av Lars-råsa (nord) bør det opparbeidast parkering til 10-12 bilar, og Lars-råsa bør forlengast til Roppesanden ev. til Bakketoppen og svinge råsa ned mot sanden.	Indre Flø	Parkerings, turveg	Frå enden av Lars-råsa i nord og til Roppesanden er det beiteområde som er opparbeida dei seinare åra. Det er mogleg å parkere nokre bilar ved kufella slik som det er pr. i dag.
20	IL Hødd Trimgruppa v/Lindor Skeide	Merknad	Bør opparbeidast fleire parkeringsplassar i Bugardssvingen, evt. flytte bommen 15-20 m mot Bugardsdammen.	Bugarden	Parkerings	Dette er ei reguleringssak som må sjåast på.
21	IL Hødd Trimgruppa v/Lindor Skeide	Merknad	Passasje for rullestol-brukarar/barnevogner bak bommen, breidde 1.2 m.	Ulstendalen		Ikkje relevant på kommuneplannivå.
22	IL Hødd Trimgruppa v/Lindor Skeide	Merknad	Behov for campingplass nær sentrum. Foreslår marka på Vollane, eller Dalen på Skeide nord for Bendik-elva.		Campingplass	Dalen på Skeide er for lite plass og marka på Vollane vil vere i konflikt med kulturminne. Kan ikkje starte med nye omfattande moment ved 2. gongs høyring
23	IL Hødd Trimgruppa v/Lindor Skeide	Merknad	Ynskjer turveg til Osberget nord og lenging til Osberget sørvest. Håper turvegen Vikeskaret/Årdalen kan byggjast ila. 2018. Positiv til turveg frå Fjelle til Hasundhornet, ynskjer også 10-12 ekstra parkeringsplassar ved start.		Turvegar	Går inn for tursti kategori B til Hasundhornet. Til Osberget går ein inn for kategori A og universelt utforma tursti. Vikeskaret/Årdalen er bygd.

24	Lindor Bjørn Skeide	Merknad	Viser til tidlegare innspel frå Skeide Grunneigarlagav 31.03.16 og 08.09.17. Viser også til plan frå A.G. Arkitekter. Ber om sakleg grunngjeving for kvifor ikkje bustadområda på Skeide-sida er førde sør mot Osnes-grensa i rimeleg avstand til den planlagde turvegen. Skeide Grunneigarlag har tenkt arealet til leikeplass. Det kan også verte behov for ein lokal butikk der.	Skeide Utmark	Bustadområde	Årsaka til at bustadområda ikkje er førde sør mot Osnes-grensa er for å halde på ein brei grøn korridor frå osberget og oppover fjellet. Må ha nok breidde på turvegen for at den ikkje skal bli for bratt.
25	Frank Hofseth, Arild Aarseth	Merknad	Viser til framlegg til reguleringsplan datert 08.09.17 sendt kommunen 15.09.17, samt merknad datert 12.09.17. Ynskjer LNF-område på Oshaguflata lagt ut til bustadføremål. Meiner sakshandsaminga har vore for dårlig, då saka ikkje er opplyst på forsvarleg vis. Krev no full openheit i saka, med alle saksdokument som vedlegg.	Oshaugflata	Bustadområde	Temaet vart diskutert i møte med formannskapet, teknisk utval, fylkesmannen og fylkeskommunen, statens vegvesen, landbrukskontoret og administrasjonen den 19.01.2016. I dokumentet <i>Utgreiling Osnes kyrkjegård</i> , datert 22.06.2017 og lagt fram for formannskapet 27.06.2017, er Osnesflatene vurdert som areal for utviding av kyrkjegård. Det er her opplyst at det går føre seg reguleringsarbeid med siktemål om å få bygge bustadar. Bustadar på Oshaugflata må vente til kommuneplanen er godkjend, som teknisk utval vedtok i PS sak 18/49.
26	Jan Einar Saunes	Merknad	Ynskjer at 25/12 skal bebyggast med leiligheter, med 1.etasjen som kombinert garasje og lager til maritimtutstyr.			Merknaden må vurderast i reguleringsplan.
27	Jan-Lennart Urke/Åge Urke	Merknad	T105: Ynskjer utfylling for å bygge utleiehytter, rorbu, småbåthamn, båtopptrekk og oppstillingsplass for bubar, kombinert med eit industribygg med anleggsmaskiner, lastebilar og båtar for service og vedligehald, kontorlokaler i øvste etasje og servicerom for bobiljestar på grunnplan. Vil bygge gangveg langs rorbuer, men ynskjer Ulstein kommune skal stå for byggemelding. Jfr. John Moldskred AS sin områdeplan.	Glopen/Dyrda		Formålet vert liggande i planen. Bruken av området og omfanget av arealbruken vil bli avklara ved seinare høve. Kommunen ønskjer ikkje utviding av industriområde ut over det som ligg i gjeldande reguleringsplan.
28	Jan Einar Saunes	Merknad	Ynskjer Skjoranakken lagt ut som bustadføremål.	Skjoranakken	Bustadområde	Må avvente trase for Hafast. Har nok areal for bustadomter for denne perioden.
29	Maciej Szymanski	Merknad	Ber om tilbakemelding på innspel sendt inn 11.07.17 om bruksendring for Gnr. 21 Bnr. 2 til smbåthamn og bustadområde.			Innspelet om småbåthamn i Botnen er tatt til følge. Har fått tilbakemelding ang. rutine for bruksendring.
30	Johan Ottesen	Merknad	Viser til merknad av 14.09.17. Historikken for arbeidet som er lagt ned med å avklare kvar gravplassen skal liggje vert synt i merknaden. Ynskjer ny gravplass på Eidet nær folkehøgkulen, og viser til betre kollektivtilbod og nærliek til folkehøgkulen, der mange arrangerer minnesamvær etter gravferder. Påpeikar også vern av dyrka jord som eit argument.			Eidet har vore vurdert tidlegare som gravplass og er funnen därleg eigna. Det vil bli mekling om gravplass på Osnes.
31	Trond Eivind Skodjevåg Bø	Merknad	På vegne av grunneigarar på Gnr. 25 br.nr. 112, 82 og 69 ynskjer å bruke friområdet i "Annafjøra" til nausttomter. Vil gjøre dette friområdet meir tilgjengeleg for allmenta, då det er utilgjengeleg som det ligg i dag.			Dette er siste området som er igjen av urørd strandsone på Saunes. Denne bør difor bevarast og halde fram som friområde. Kommunen gav tilbod om innløysing tidleg på 2000-talet.
32	Pinsemenigheten Filadelfia v/Arnt Vidar Ulstein	Merknad	Gnr.8 B.nr.108,122 og GNr. 8 B.nr. 105. Viser til innsendte byggeplanar/søknad av 31.10.16. Spør om stiplalinje frå Bjørndalvegen ned mellom eigedomane deira til Sjøgata får konsekvensar for deira innsendte byggeplanar.			Linja ligg i gjeldande kommuneplan frå 2011 og vil ikkje få konsekvensar for dykkar planar.
33	Pinsemenigheten Filadelfia v/Arnt Vidar Ulstein	Merknad	§4.3 (Parkerings) Viser til tidlegare brev ang. kravet til parkering for deira planlagde utbygging, vil at deira sak blir behandla individuelt med lågare krav enn her oppgitt.	Sentrum	Føresegner, parkering	Sambruk vil bli vurdert i dykkar sak.
34	Pinsemenigheten Filadelfia v/Arnt Vidar Ulstein	Merknad	§7.2 (høgde og oppdeling) Har behov for samanhengande lengde over dei to eigedomane opp til 3.etasjar. Ovanpå kan to etasjar med leiligheter delast opp som nevnt i to volum, med opning mellom. Ynskjer minst 5 etasjars høgde på begge eigedomane.	Sentrum	Føresegner	7.2 gjeld ikkje for dykkar område, då dette er sentrumsnære områder, medan dykkar eigedom er i sentrum. Dykkar eigedom ligg innanfor området der det skal utarbeidast ein sentrumsplan som vil få eigne føreseigner, sjå § 5.2.2.
35	Pinsemenigheten Filadelfia v/Arnt Vidar Ulstein	Merknad	§5.2 (Kvalitetsskrav til sentrumskjerna) Ser føre seg at dei vil tene byutviklinga positivt . I hht. §5.2.1 vil dei ha mest mulig utoverretta fasadar i 1.etg., men må ha konferansesal med tilkomst- og rømningsvegar i i 1.etg. I hht §5.2.2 vil dei delta i vidareutviklinga av denne delen av sentrumskjerna.	Sentrum	Føresegner	Dette vil bli vurdert i arbeidet med sentrumsplan.
36	Ulstein Senterparti	Merknad	Vil ha nybygg i Sundgotmarka barnehage ved Hasundgot Stadion, pga. tilgjengeleg natur- og turområder. Ved Hasund skule må barna gå tur i same område frå 1 år til 7-8 år. Bør også bevare området ved skulen til ei evt. utviding av skulen, då dette behovet truleg kjem.		Barnehage	Det er lagt inn område for offentleg formål vest for Hasundgot stadion. Området ved Hasund skule vert også liggende.
37	Ulstein Senterparti	Merknad	Vil ta vare på mest mulig av ei knappe jordbruksareala i kommunen. Bør legge areal til bustad, næring og vegar m.m. utanom dyrkbar mark.		Jordvern	Det er fokus på å bygge ned minst mogleg dyrka mark, men noko vil det verte.
38	Ulstein Senterparti	Merknad	Oppretthalde dagens LNF-områder på Osnes. Vil ikkje at deler av den dyrka jorda skal regulerast om til byggefelt som det vert jobba med. Arealbehovet for gravplass kan reduserast ved å setje av areal til minnelund og urnelund.	Osnes		Byggefelt på Osnes vil bli vurdert når kommuneplanen er godkjend og gravplass er avgjort. Minnelund og urnelund er noko problematisk ettersom vi ikkje har krematorie på søre Sunnmøre pr. i dag.

39	Ulstein Senterparti	Merknad	Dyrka areal på B105 bør ikkje utvidast meir enn det som ligg i gjeldande kommuneplan sin arealdel. Vil redusere utbyggingsområdet på B106 mot vest, så det ikkje kjem inn på dyrka mark.	Sundgot		Uttrekninga av B106 vil bli vurdert i samband med detaljreguleringa. Det kan vere behov for arealet til vegtilkomst. Grunneigar ønsker å utvide med B105 og er ei naturleg fortetting av eit allereie utbygd område.
40	Ulstein Senterparti	Merknad	Vil ha ei styrta bustadbygging, og sikre at det vert tilgjengelege tomter i heile kommunen, også i krinsane. Kan også redusere presset på sentrumsskulane.		Bustadområde	Der er eller vil verte tilgjengelege tomter i alle krinsar. Vil ikkje bli lagt opp til vidare utbygging på Flø i denne perioden, men kommunen skal sjå om noko kan gjerast med tomt som må utgravast av arkeolog.
41	Ulstein Senterparti	Merknad	Bør avgrense bygeområde på Skeide utmark i denne perioden til B102, for å få til ei mest muleg balansert utbygging av bustadar i heile kommunen.	Skeide utmark	Bustadområde	B102 og B103 er gjennom føresegnene låst ved rekkekølgjekrav for utbygginga i § 1.2.4 og 1.2.5.
42	Ulstein Senterparti	Merknad	Ynskjer område T104 vert endra til bustad-, naust- og fritidsformål slik som utbyggjar ynskjer. Nytt byggefelt på Garnes kan også vere med å framskynde forlenging av gang- og sykkelved fram til Dragsundbrua.	Garnes	Bustadområde	Ikkje ønskjeleg med bustadar på sørsla av fylkesvegen på Garnes grunna støy, skuleveg og avkøyrslle frå fylkesveg.
43	Ulstein Senterparti	Merknad	Ynskjer utbetring av råsa til Hasundhornet på mest mogleg skånsam måte, med å utbetre dei våte punkta og ikkje bygge turveg på 1,5-2,0 m eller meir. Vil bevare den urørde naturen som er att i kommunen.	Hasundhornet	Turvegar	Går inn for tursti kategori B til Hasundhornet.
44	Siv Ulstein	Merknad	Ynskjer å bevare Osberget og Hasundhornet som dei er. Viser til verdien av urørt natur, rikt dyre- og fugleliv, fine turar for små barn og dei med dårlige kne/hofter i ulendt terrengr++. Ynskjer heller enkle tilretteleggingstiltak, merking og opplæring.		Turstiar	Går inn for tursti kategori B til Hasundhornet. Til Osberget går ein inn for kategori A og universelt utforma tursti.
45	Hasundgot IL	Merknad	Vil at det blir teke omsyn til behovet til Hasundgot IL om auka banekapasitet, i tillegg til ny barnehage på området vest for eksisterande stadion. Trur ein kan få til begge deler.	Hasund		Har utvida det offentlege formålet som er lagt inn ved Hasundgot stadion, vurderinga om å få til både barnehage og bane må gjerast i ein reguleringsplan.
46	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Motsegn	Oppføring av nytt bygg til kultur- og turistføremål kan vere i strid med at området er statleg sikra friluftsområde. Vil derfor inntil vidare oppretthalde motsegna, då oppføring uansett må gjennom søknadsprosess for varig tiltak i sikra friluftsområde. Miljødirektoratet kan gje løye etter råd frå Fylkesmannen. Meiner at dersom tiltaket totalt sett vil fremje friluftsinteresse på Borgarøya, vil dei kunne gje ei positiv tilråding. Ber UK lage ei utfyllende skildring av bruken av kultur- og konferansebygget. Alle nye tilretteleggingstiltak som kommunen meiner vil auke bruken av Borgarlyva for ålmenta må skildrast.	Borgarøya		Er løyst gjennom drøfting
47	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Motsegn	Viser til rettleiarene, punkt 2.2.1 og eksempla i 11.4 og dei kriteria som er halde fram der, jf. SSB sentrumsområde og knutepunkt. Kan ikkje sjå at Ulstein sentrum innfrir desse kriteria. Kommunen bør ikkje ha avvikssone i kommuneplanen, men heller gjere dei støyfaglege vurderingane ved detaljregulering. Fremjar derfor motsegn mot avvikssone og føresegner. Tiltrår at ein i føresegnene viser til T-1442 og støygrensene i tabell 3, med tilhøyrande rettleiar, og viser til at denne skal ligge til grunn for all arealplanlegging og utbygging i planområdet.	Sentrum	Støy	Avvikssone med tilhøyrande føresegner vert tatt ut av planen. Dokumentasjonskrava vert lagt under retningslinjer. Temakart/støysoneskart beheld vi. Nye føresegnene vert slik: Klima- og miljødepartementets <i>Retningslinjer for støy i arealplanlegging - T-1442</i> , og tabell 3, samt Miljødirektoratets <i>Veileder til retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging</i> skal leggjast til grunn for planlegging og tiltakt etter pbl. § 20-1 i heile planområdet. Retningslinene skal også følgjast ved planlegging av landingsplass og nye traséar for helikopterflyging.
48	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Motsegn	Uraa for at etablering av detaljhandel i Glopene vil undergrave satsinga på Ulsteinvik sentrum, og påpeikar at dette kan vere i strid med retningslinene. Meiner daglegvarebutikken som alt er i området dekkjer behovet for lokalhandel. Ytterlegare detaljhandel her vil utarme sentrumsområdet. Fremjar derfor motsegn mot at N103 Glopene opnast for detaljhandel.	Glopene		Er løyst gjennom drøftingsmøte
49	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Motsegn	Bør ikkje legge opp til meir nedbygging av strandsona på Skeide, då dette går ut over ålmenta sine interesser og behov for leik, ferdsel og rekreasjon. Meiner dette ikkje bør prioriterast i ei så sentrumsnært og tett folka område. Fremjar motsegn mot utviding av naustområde.	Skeide	Naust	Er løyst gjennom drøftingsmøte. Naustrekka vil bli korta inn frå 40 m til 12-13 m, slik ein får plass til eit dobbeltnaust.
50	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Motsegn	Området som er lagt ut til fritid/turisme på Garnes er stort, og dei stiller spørsmål ved om ei evt. utbygging vil kunne ta nødvendig omsyn til både landskap og strandsona, sikre høve til ferdsel, rekreasjon og opphold for ålmenta. Ber også om ei utgreiing knytt til tiltak i sjø, og evt. behov for båtplassar. Fremjar motsegn, men ei seinare synfaring vil vere avgjerande for om dei kan stille seg bak ei delvis utnytting av området i tråd med framlegget.	Garnes	Fritid/tursime	Er løyst gjennom drøftingsmøte
51	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Motsegn	Vil ta vare på det som er att av strandsona med omsyn til rekreasjon og ferdsel, og rår difor sterkt i frå utfylling i sjøen. Minner om at det må etablerast byggegrense som sikrar strandsona for ferdsel/rekreasjon. Fremjar motsegn til framlegget som ikkje er i tråd med desse føresetnadane.	Saunes/Glopene	Fritid/tursime	Er løyst gjennom drøftingsmøte
52	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Merknad	Område for fritidsbustadar på Håheim er godt synleg for omgjevnadane, og ein bør trekke området lengre ned, for å unngå landskapsmessige ueheldige verknader. Bør også stillast krav til regulering, slik at utviklinga i området i størst mogleg grad tek omsyn til landskap og estetikk.	Håheim	Fritid/tursime	Det er krav om regulering jmf. §1.1.1 i føresegnene. Det vert lagt inn ein grøn kile på åsryggen.

53	Møre og Romsdal Fylkeskommune	Merknad	Ynskjer ei summering av den samla utviklinga, og vurdere om denne samla sett representerer berekraftig utvikling.		Konsekvensutgreiinga	Har lagt inn tekst om berekraftig utvikling til slutt i planomtalen
54	Møre og Romsdal Fylkeskommune	Merknad	Saknar relasjonen mellom plankart, føresegner og KU, særleg for areal der utgreiingane viser konsekvensar som krev avbøtande tiltak. Nødvendige avbøtande tiltak må vere sikra juridisk i føresegngene, og denne samanhengen må gå fram av konsekvensutgreiingane. KU er noko mangefull på dette området.		Konsekvensutgreiinga	Har lagt inn henvisning i KU til føresegner der det er spesielle føresegner for området. Ser det ikkje som relevant å konkretisere avbøtande tiltak i føresegngene der det er snakk om t.d. skred- eller støyfare ettersom dette uansett skal vurderast i detaljregulering.
55	Møre og Romsdal Fylkeskommune	Merknad	Rår til at kommunen etablerer ein aktiv fortettingsstrategi, med grunnlag i ei konkret analyse, fastsett i plankartet som føresegnsområde eller i juridisk bindande temakart. Kommuneplanen bør gi konkrete føringer som styrer forholdet mellom fortettingsprosjekt og naboreal. Føresegn bør også stille krav til prosess, og fortetting bør skje gjennom formelle planprosessar, gjerne med områderegulering som utgangspunkt. Føresegngene bør derfor også stille konkrete krav om avgrensing av planområde ved fortetting. Vi vil rá kommunen til å gi konkrete føringer som kan hindre at omfang på fortettingsprosjekt øydelegg etablerte, velfungerande bustadmiljø. Ettersom seksjonering også medfører auka press på omgivnadene, bør føresegn om fortetting, også seie noko om dette. Kommunen bør til slutt vurdere om fortettingsstrategien berre skal gjelde området i og rundt sentrum, eller om det er andre areal i kommunen som har behov for ein slik strategi, jamfør merknader om kartavgrensing.		Fortetting	Fortetting i og rundt sentrum er det vi ser som eit behov. I krinsane vert det enkeltsaker og -tiltak. Viser elles til plandokumenta det som er beskrive om fortetting.
56	Møre og Romsdal Fylkeskommune	Merknad	Stiller spørsmål ved innlemming av området sør aust for Saunesvegen i handelskjernen, då ein ideelt sett bør unngå "blindtarmar".	Sentrum	Tettstadutvikling	Amfi kjøpesenteret utgjer ein viktig del av handelskjernen til Ulsteinvik så det må takast med.
57	Møre og Romsdal Fylkeskommune	Merknad	Vi rår til at kommunen vurderer føresegna og retningslinene for § 5.1 på nytt, med hensikt å få til ei konsekvent avklaring i plankart, føresegn og retningsliner.		Næringsareal	Det vert lagt inn kombinasjonsformål for N5 og N6.
58	Møre og Romsdal Fylkeskommune	Motsegn	Områda G101, G102 og deler av G103 er i sterk konflikt med freda kulturminner. Opprettheld derfor motsegn til dette alternativet.	Oshaugflata	Kulturminne	Mekling
59	Møre og Romsdal Fylkeskommune	Motsegn	Mangler markeringar av automatisk freda kulturminne i plankartet (m.a. 216270, 216272, 136785), og dei fremjer derfor motsegn inntil lokalitetane er innført i kartet med tilhøyrande omsynssoner.	Oshaugflata	Kulturminne	Tatt til følge
60	Møre og Romsdal Fylkeskommune	Motsegn	Inntil reguleringssvedtaket er på plass, må kommunen vise omsynssone H_730 og synleggjere den faktiske konflikten. KU bør også vise til reguleringssprosessen som avbøtande tiltak.	Kvalneset	Kulturminne	Løyst gjennom drøfting
61	Møre og Romsdal Fylkeskommune	Motsegn	Viser til ein lokalitet som ligg i fjøra og er datert til eldre steinalder. Denne er automatisk freda og har ID 145503. Må markerast i plankartet med rune-R eller omsynssone. Fremjar motsegn inntil dette er gjort.	Borgarøya	Kulturminne	Er løyst gjennom drøfting
62	Møre og Romsdal Fylkeskommune	Merknad	Rår ut frå barn og unge sine interesser til at føringane for uteareal og leikeplassar i § 7.3 vert presisert å gjelde både regulering, dispensasjon og byggesaker. Rår også sterkt til at avgrensinga for kor slike føringane skal gjelde, til dømes føringane i § 7.3.1 Uteoppholdsareal for bustader, ikkje vert avgrensa, men presisert å bli implementert i alle regulering, dispensasjons og byggesaker. Avgrensing av kor og når slike føringane skal gjelde kan ikkje vere motstridande. Til dømes er det i § 7.3.1 Uteoppholdsareal for bustader presisert føljande; «...kravet til uteareal gjeld for heile kommunen...». Vi føreslår derfor at den vidare teksta «...inntil det er vedteke eigne føresegner som skal gjelde innanfor sentrumskjerna...», utgår eller blir endra til «...og skal bli implementert i alle regulering, dispensasjon og byggesaker...».		Føresegner	Formuleringsa samsvarar med det som kommunen ønsker i forhold til vidare planarbeid.